

# Opnar galleri i julegata

LINDÅS: På Nedre Lindås vert julegata stadig breiare.



Av Gunn Berit Wiik Berg  
gunn.berit@strilen.no

Når den tredje julegata på Nedre Lindås og Spjeldneset opnar første helga i advent, er det blitt galleri i det gamle tinghuset. Dermed er heile tinghuset også blitt ein del av julegata.

Ramma rundt julegata er nemleg den gamle busetnaden som utgjorde sentrum på Lindås for dryge 100 år sidan. Med bygningar som er tekne vare på, er desse spennande opplevingar berre i seg sjølv. Når dei i tillegg blir fylte med variert innhald der kunst og kultur har ein sentral plass, er det berre å gle seg, meiner hjernen bak julegata, Elisabeth Tonheim.

## Marknad i fjøset

Spjeldnes Gard inviterer til tradisjonell julemarknad i Spjeldnesfjøset med mange lokale utstillarar og juleverkstad for born. Garden har røter mange hundre år tilbake, og har husa både stortingsmenn, prestar og bestemora til Henrik Wergeland.

Under marknaden vil Spjeldnesfjøset også ha aktivitetar knytt til at det i år er femte året dei har denne tilstelninga.

## Ope hus og stabbur

Julemarknad blir det også på eigedommen «Rosenlund», som er den gamle doktorbustaden på Lindås. Der blir det marknad både inne i huset og i stabbursbutikken «Heilt originalt!», som Tonheim driv. Stabburet seiest å vera det eldste huset på Lindås.

«Heilt originalt!» produserer også plukkfiskekaker, ein gamal vestnorsk mattradisjon som er på veg ut av menyane til folk.

– Så langt eg veit, er eg ein av få som produserer dette for sal i Noreg, seier Tonheim.

I tunet på Rosenlund er der også ei stor utandørs julekrybbe, som ungane berre elsker.

## Opnar Galleri Gamle Tinghuset

Nytt i år, er at heile det gamle tinghuset blir ein del av julegata.

Det har dei siste 130 åra husa både heradstyre, kommune-kasserar, likningskontor, forsyningsnemnd, bank, realskule, bibliotek med meir. Somme rom er framleis i bruk til ulike aktivitetar, men dei som har stått tomme, har Tonheim fått si velsigning frå kommunen til å pussa opp, og opnar no galleri og utstillingslokale. Galleriet blir opna av kultursjef Øyvind Stang.

Blant dei som skal stilla ut finn me glaskunstnar Turid Grov, Anne Jacobsen med maleri, Irén Kleiven med biletkunst, Jannicke Kim Olsen med ulike installasjonar og Elisabeth Tonheim med skrotkunst og installasjonar.

## «Nytt» frå Låstad Lygre

I tinghuset vil der også vera ei utstilling av ikkje tidlegare vist materiale av lyrikaren Aslaug Låstad Lygre. Ein får sjå autentiske verk ho jobba med på skrivemaskina si. I tillegg blir det stilt ut ein del sprudlande private bilde av henne. Heilt nytt er at biletkunstnar Irén Kleiven har fått løyve til å bruke Aslaug Låstad Lygre sine dikt i sitt arbeid. Dette vil òg bli presentert denne helga.

Søndagen blir ein også invitert heim til diktaren, i barndomsheimen som i si tid også var den gamle lensmannsbustaden. Der tilbyr Aslaug si niese og mannen hennar, fyr i grua i kjellaren og varm sjokolade med krem. Dei som vil, kan også kjøpa diktsamlinga til Aslaug.

## Graut og middag

Lindås Brygge sin restaurant er bygd opp med utgangspunkt i det gamle meieriet, som seinare vart pølsefabrikk. Her kan ein kjøpa seg julegraute og familiemiddag.

For å kjenna på stemninga, føreslår Tonheim at folk parkerer bilane sine og spasera mellom dei ulike husa der det er aktivitetar.

## Julegata veks

Arrangementet veks ifølgje Tonheim for kvart år, og då snakkar ho ikkje berre om innhaldet.

– Det kjem også stadig fleire folk, ikkje berre lokalt her, men frå Bergen og kommunar utanfor Nordhordland. Dette er ein fantastisk motivasjon for oss som arrangerer, seier Elisabeth Tonheim.

Ho legg til at målet med julegata er å gje dei besøkjande ei god oppleving. Og med dei mange gode tilbakemeldingane me får, trur ho dei har klart det.



**NYTT UTSTILLINGSLOKALE:** I tinghuset vert det også utstillingslokale i den gamle sløydsalen på loftet, som Elisabeth Tonheim i «Heilt originalt» har pussa opp. (Foto: Privat)

**NYTT GALLERI:** Når julegata på Nedre Lindås opnar første helga i advent, opnar også eit nytt galleri i det gamle tinghuset. (Foto: Privat)



**TINGHUSET:** Tinghuset ligg like oppom vegen for Rosenlund og «Heilt originalt». (Foto: Privat)



**UTEJULEKRYBBE:** Julekrybba i tunet på Rosenlund er også veldig populær. (Arkivfoto)



**FJØSMARKNAD:** I Spjeldnesfjøset blir det tradisjonell julemarknad og juleverkstad for borna. (Arkivfoto)



**JUL OVER ALT:** I julegata blir det også julemarknad både i Rosenlund og i stabburet. (Arkivfoto)